

Etne sogelag  
5590 Etne

27. juni 2002

Miljøverndepartementet  
Boks 8013 Dep  
0030 OSLO

### Kommentar til NOU 2002: 1 "Fortid former framtid"

Vi vil konsentrera vår uttale i denne saka til spørsmålet om i kor stor grad kommunane skal overta ansvaret for dei lokale kulturminna, og tek utgangspunkt i vår eigen kommune:

I Etne er det uhorvelege mengder grus og sand som har vorte utnytta i 50 år. Det eine fornminnet etter det andre vart rasert langs terrassekantane. Ingen spurde om lov til å øyda fornminna og skjemma ei vakker bygd. Det vart eit spørsmål mellom grunneigar og verksemda som ville ta ut sand. Kommunen såg med velvilje på denne sanddrifta, og gjekk til og med svært aktivt inn for vidare store uttak, og fekk gjennomslag for det i Miljøverndepartementet i september 2001. I slike samanhengar har grusterrassane i Etne berre éin verdi – *grus* - for grus er pengar. Fornminne har liten verdi i ein slik samanheng.

1. Dette (ovanfor) er berre nemnt som eit døme, og vi trur tankegangen er vanleg i dei fleste kommunar i dag, - særleg når ein elendig kommuneøkonomi over heile landet fører til nedlegging og innskrenkingar på nær sagt alle felt.

Kommunen/kommunestyret har for liten avstand til konflikten mellom vern av fornminne og utnytting av naturressursane.

Ein kan ikkje venta at lokalbefolkinga, anten det er grunneigarar eller politikarar, utan vidare gjev avkall på utsikt til inntekter og tek dette viktige ansvaret for framtida. Små forhold i ein liten kommune, der alle kjenner alle, spelar også inn.

Staten/fylkeskommunen med sine fagfolk har nødvendig kunnskap og avstand til å ta slike avgjerder.

2. Dersom likevel kommunane skulle ta ansvar for fornminna, må staten binda pengar til dette føremålet, - pengar som ikkje kan brukast til andre tiltak i kommunane. Då kan ein i samarbeid med fagfolk og interesseorganisasjonar (t.d. sogelag) få gjort noko positivt på dette området. Små kommunar har ikkje råd til å tilsetja fagfolk, og i stor grad må ein sokja fylkeskommunen om råd og rettleiing slik som i dag.

Ei slik satsing på vern av fornminne vil likevel ikkje møta særleg velvilje i kommunane/kommunestyra når dei elles berre kan tilby innskrenkingar og nedleggingar i eldreomsorg, skule- og helsestell.

3. Vi vil til slutt nemna at grunneigarane bør få kompensasjon for dei ulemper dei har med fornminne på eigedommen, - ei årleg ulempeserstatning t.d.

Det treng ikkje vera stor sum per år på kvar, men det vil vera eit viktig signal til dei om at eigedommen har ein spesiell verdi som heile samfunnet vil ta vare på. Vi treng meir velvilje frå grunneigarane i dette arbeidet.

**Etne sogelag**  
*Ingolv Vevatne*